



Dette er planen som fylkesmannen no har fremja motsegn mot.

**Fylkesmannen har no fremja motsegn mot planframlegget til Actavia Invest AS i Nedre Halsabrotet. Grunnen til det er at framlegget er i strid med rikspolitiske retningslinjer for barn og unge når det gjeld leikeareal. Så snart planframlegget er endra for å bøte på dette vil fylkesmannen kunne ta stilling til om motsegna kan bli trekt.**

Fylkesmannen uttaler at planen har mange gode intensjonar. Det er sett av eit areal til leik, men planføresegnene sikrar ikkje at minstekravet til leikeareal er oppfylt, då det er uklårt kor mange bueningar som kan bli bygt.

For å imøtekomme motsegna må planen verte eintydig når det gjeld tilhøvet mellom storleik på leikeareal og talet på bueningar.

Dette må kome klart fram i plankartet og -føresegnene.

Dette kan løysast på ulike vis, til dømes ved å setje eit makstal på konsentrerte småhus og frittliggjande småhus slik at minstekravet til leikeareal høvesvis 25 kvadratmeter per konsentrert bustad og 50 kvadratmeter per frittliggjande bustad vert oppfylt.

fylkesmannen kjem i uttalen sin også inn på høgspenkabelen i området og skriv at det er nettleigar sitt ansvar å syta for at styrken på magnetfeltet frå kabelen ikkje overstig grenseverdien på 0,4 mikrotlesla.

Styrken på magnetfeltet er direkte avhengig av strømstyrken. Det er ikkje oppgitt strømstyrke på kabelen i planen, så arbeidet vidare med denne med omsyn til kabelen må gjerast i nært samarbeid med eigar av kabelen. Ein kan med fordel innarbeide krav i føresegnene om at magnetfeltstyrken ikkje skal overskride grenseverdien, skriv fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen